

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 29.06.2015
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 20/2015	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 21/2015	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Oppnemning av nytt Fagleg Rådjevande utval		2015/562
ST 22/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om løyve til å bruke vegar - Rygg og Grov sameige		2012/3108
ST 23/2015	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om landingsløyve for helikopter - Norges geologiske undersøkelser		2012/3426
RS 3/2015	Orienteringssaker		
ST 24/2015	Eventuelt		

RS 3/2015 Orienteringssaker

Naustet til Fitje sameige

Grunneigarane i Fitje sameige har eit fellesnaust i Langedalen. Dei har sendt inn søknad om å få bygge om og utvide dette naustet slik at dei får plass til den felles «tausebåten» som dei har restaurert.

I samband med utgreiing av saka var forvaltaren i kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling. Dei meiner at det gamle naustet er eit flott og viktig kulturminne som ikkje bør byggast om. FK kultur ser heller at grunneigarane restaurerer det gamle naustet slik det er, og meiner at dei vil kunne få tilskot frå kulturminnefondet til det.

Dersom dei gjer det kan dei heller bygge eit nytt, men noko mindre naust til tausebåten.

Verneområdeforvaltaren har ein god dialog med grunneigarane og FK kultur i denne saka. Søknaden om utviding er lagt litt på vent til vi veit kva løysing grunneigarane vil gå for.

Traudalen

Arbeidet med å gjere ferdig buføringsvegen i Traudalen er i gang. I fjor vart det laga 385 m og det stod om lag 105 m igjen. Arbeidet har vore ute på anbod og Bygdeservice fekk oppdraget. Det starta opp 8. juni og vil truleg vere ferdig med strekninga innan dette styremøtet.

Grunneigarane har sendt henvending til forvaltninga og styret om at dei må få bygge buføringsvegen litt lenger enn det som har vore planen i prosjektet. Bakgrunnen for det er at grunneigarane meiner at beitedyra har utfordringar over myra i Røyrvika. Det er snakk om ei strekning på om lag 50 m. Grunneigarane har eit forslag til korleis denne strekninga over myra kan byggast og vil ta kostnadane med det sjølv.

Naturoppsyn, forvaltar og grunneigar kjem til å ha synfaring i Traudalen for å diskutere dette i veke 26, og forvaltar vil utgreie saka ytterlegare i styremøtet.

ST 19/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak – ST 19/2015

Det har kome til ei sak under ST 24/2015 Eventuelt:

- Søknad om forlenging av buføringsvegen i Traudalen

Innkalling og sakliste vart godkjent med det tillegget i sakslista

ST 20/2015 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak – ST 20/2015

Protokoll frå førre møte vart godkjent, og vil verte signert på neste fysiske møte i verneområdestyret

Arkivsaksnr: 2015/562-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 19.06.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/2015	29.06.2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Oppnemning av nytt Fagleg Rådgjevande utval

Forvalters innstilling

Framlegg til vedtak frå forvaltaren:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre oppnemner følgjande grunneigarrepresentantane til Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, for perioden 2015 - 2019:

Hyen: Nils-Magne Gjengedal

Gloppen: Ole Gimmestad

Jølster: Inge Erikstad

Førde: Lars Indrebø

Naustdal: ikkje klart enno

Utvalet skal reviderast/rullerast igjen i løpet av 2019

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak – ST 21/2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre oppnemner følgjande grunneigarrepresentantane til Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, for perioden 2015 - 2019:

Hyen: Nils-Magne Gjengedal
Gloppen: Ole Gimmestad
Jølster: Inge Erikstad
Førde: Lars Indrebø
Naustdal: Svein Egil Svorstøl

Utvalet skal reviderast/rullerast igjen i løpet av 2019

Saksopplysninger

På styremøte 1/15 i Naustdal-Gjengedal vedtok styret at Fagleg Rådgjevande utval skal rullerast i løpet av 2015. Nytt utval skal oppnemnast for perioden 2015-2019.

Verksemder og organisasjonar som er representert i utvalet vel sjølv til ei kvar tid kven som representerer dei. Her er det ikkje personleg oppnemning, og desse representantane skal derfor ikkje rullerast.

Dei fem grunneigarrepresentantane er derimot personleg oppnemnde, som representant for alle grunneigarane frå si bygd/kommune. Desse representantane skal rullerast.

Bondelaga i Naustdal, Hyen, Gloppen, Jølster og Førde fekk i oppdrag å kome med forslag til representantar frå sine område. Representantane kan sitte i inntil 2 periodar, so sitjande representant kan velgast på nytt.

Naustdal Bondelag overlot oppgåva til Øvre Naustdal Utmarkslag. Her har vi ikkje fått noko namn i skrivande stund, men eg vonar at vi får eit namn før styremøtet

Her er framlegga frå bondelaga:

Hyen: Attval på Nils-Magne Gjengedal
Gloppen: Attval på Ole Gimmestad
Jølster: Inge Erikstad
Førde: Attval på Lars Indrebø
Naustdal: ikkje klart enno

Arkivsaksnr: 2012/3108-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 19.06.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	22/2015	29.06.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - søknad om løyve til å bruke vegar - Rygg og Grov sameige

Forvalters innstilling

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev grunneigarane i Rygg og Grov sameige løyve til motorferdsel på vegane som går inn til nausta på begge sider av Traudalsvatnet. Løyvet er heimla i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for 4 år, perioden f.o.m. 2016 t.o.m. 2019
- Løyvet gjeld berre for dei grunneigarane som har naustrett og/eller stølshus i Traudalen.
- Løyvet gjeld berre på vegane, so langt som dei går i dag.
- Løyvet kan nyttast til transport av materialar, utstyr, reiskap og forsyningar til naust og stølshus. Det kan og nyttast til transport av båtar, og til motorferdsle i samband med vedlikehald av vegane.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport.
- All parkering skal skje utanfor verneområdet.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak – ST 22/2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev grunneigarane i Rygg og Grov sameige løyve til motorferdsel på vegane som går inn til nausta på begge sider av Traudalsvatnet. Løyvet er heimla i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for 4 år, perioden f.o.m. 2016 t.o.m. 2019
- Løyvet gjeld berre for dei grunneigarane som har naustrett og/eller stølshus i Traudalen.
- Løyvet gjeld berre på vegane, so langt som dei går i dag.
- Løyvet kan nyttast til transport av materialar, utstyr, reiskap og forsyningar til naust og stølshus. Det kan og nyttast til transport av båtar, og til motorferdsle i samband med vedlikehald av vegane.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport.
- All parkering skal skje utanfor verneområdet.

Saksopplysninger

Dokument i saka:

- Søknad om bruk av vegar
- Løyve til bruk av vegar 2012 – 2015
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Rygg og Grov sameige fekk 11.07.2012 løyve til å bruke skogsvegane/landbruksvegane som går inn til nausta ved Traudalsvatnet. Det går her vegar inn til nausta som ligg på begge sider av Osen i Traudalen, og innte delen av begge desse vegane ligg inne i landskapsvernområdet. Løyvet dei fekk i 2012 gjeld til og med 2015.

Rygg og Grov sameige søker no om nytt løyve til å bruke vegane, på same vilkår som det gjeldande løyvet. Føremålet med motorferdsle er den same som i det førre løyvet; transport av båtar, material, utstyr og forsyningar til nausta og til hytter og stølshus innover i Traudalen.

Vurdering

Verneforskrift og regelverk

I følgje verneforskrifta for landskapsvernområdet er motorferdsel forbode i området. Der er heller ikkje nokon heimel i verneforskrifta for å gje dispensasjon til køyring på barmark. Ein kan derfor ikkje gje eit slikt løyve som er søkt om med heimel i verneforskrifta.

Derimot so kan ein gje dispensasjon frå vernevedtak med heimel i naturmangfaldlova (nml) § 48, fyrste ledd:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I saker som skal vurderast etter nml § 48, må ein først vurdere om føresetnadane for å bruke denne paragrafen er oppfylte. Dersom dei er oppfylt og først då, kan ein vurdere sjølv spørsmålet om dispensasjon skal gjevast.

Vurdering

For at det skal kunne gjevast dispensasjon etter nml § 48, må nokre krav oppfyllest. Tiltaket må ikkje stride mot vernevedtaket sitt føremål eller påverke verneverdiane nemneverdig. I dette tilfellet er det snakk om bruk av eksisterande vegar over korte strekningar. Vegane er bygd og dimensjonert for denne bruken og bruk av vegane vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller landskap. Det står heller ikkje noko i føremålsparagrafen i verneforskrifta § 2 som kjem i konflikt med det tiltaket det er søkt om.

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Krava i nml § 48 er oppfylte, og søknaden kan handsamast etter den paragrafen.

Motorferdsel i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er i utgangspunktet forbode, og vert regulert gjennom dispensasjonsheimlar. Motorisert ferdsle skal avgrensast til det som er naudsynte føremål og i eit omfang som er so lågt som mogeleg. Men det skal samstundes vere høve til å nytte verneområdet til bruk som ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane, og det fører stundom med seg motorferdsel i avgrensa omfang.

I denne saka er det snakk om bruk eksisterande vegar og det fører ikkje med seg meir inngrep. Ferdsla er og sær avgrensa i og med at den er knytt til vegane og det berre er snakk om inntil 200m strekning som ligg innanfor verneområdet. Dette er og private vegar, og det er berre grunneigarar som har tilgang til vegane. Det er ikkje venta at motorferdsel her vil ha nokon negative effektar på verneverdiar eller verneføremål.

Det er likevel slik at motorferdsel bør avgrensast og ikkje gjerast meir omfattande eller meir synleg enn den treng å vere. Mellom anna skal ikkje parkering (utover av- og pålasting) skje inne i verneområdet. Heller ikkje rein persontransport. Motorferdsla bør avgrensast til dei tilfella der det er heilt naudsynt å køyre heilt inn til nausta, som ved transport av båtar til naust eller vatn, transport av utstyr og forsyningar som skal fraktast vidare innover på vatnet og transport av materialar og utstyr til nausta.

Rygg og Grov sameige har hatt liknande løyve som dei søker om her, i perioden 2012-2015. Forvaltningsstyresmakta har ikkje registrert konflikter eller negative verknader av det løyvet. Verneområdeforvaltar ser ingen grunn til at ikkje løyvet kan fornyast på same vilkår.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunnlaget, vere i tråd med nml §§ 8-12.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Verneområdeforvaltar har vore på synfaring i området, og ein har ikkje kjennskap til nokon naturverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Det er snakk om bruk av eksisterande veg og vil ikkje påverke terrenget rundt i særleg grad. Ein verknad av tiltaket som *kan* verte oppfatta som negativt er *støy*, men den vert vurdert til å vere innanfor det akseptable. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast i denne saka.

Den samla belastninga av tiltaket vert innanfor det akseptable jf. nml § 10. Det er snakk om ein særst liten auka i motorferdsel i høve til dagens situasjon. Det vil og verte lagt vilkår til eit eventuelt løyve som avgrensar motorferdsla til berre naudsynte behov.

I og med at det er snakk om bruk av eksisterande veg, so er det ikkje forventa at tiltaket kan føre til miljøskade, og det er den mest skånsame løysing for natur og terreng. Derfor er ikkje §§ 11 aktuell i saka, og § 12 er oppfylt.

Arkivsaksnr: 2012/3426-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 19.06.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	23/2015	29.06.2015

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om landingsløyve for helikopter - Norges geologiske undersøkelser

Forvalters innstilling

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev *Norges geologiske undersøkelser* løyve til å lande med helikopter på fjellet ovanfor Osmundnes i Gloppen, for å ta målingar til overvaking av ustabil fjellparti. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under flyginga/landinga
- Løyvet gjeld den for perioden 18. august – 4. september 2015
- Tiltakshavar må sjølv syte føre å ha naudsynt løyve frå kommunen og eventuelt frå anna lovverk.
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Statens naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast med SMS før motorferdsla finn stad, og i etterkant skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltaren.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak – ST 23/2015

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev *Norges geologiske undersøkelser* løyve til å lande med helikopter på fjellet ovanfor Osmundnes i Gloppen, for å ta målingar til overvaking av ustabil fjellparti. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under flyginga/landinga
- Løyvet gjeld den for perioden 18. august – 4. september 2015
- Tiltakshavar må sjølv syte føre å ha naudsynt løyve frå kommunen og eventuelt frå anna lovverk.
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Statens naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast med SMS før motorferdsla finn stad, og i etterkant skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltaren.

Saksopplysninger

Dokument i saka:

- Søknad om landingsløyve frå NGU
- Kart som syner landingsstad
- Landingsløyve frå 2014
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Norges geologiske undersøkelser (NGU) driv med kartlegging og overvaking av ustabile fjellparti på oppdrag frå Noregs Vassdrag- og energidirektorat (NVE). I samband med overvaking av ei ustabil fjellside ved Osmundnes i Gloppen kommune søkjer NGU om løyve til å lande med helikopter ved den aktuelle fjellsida, innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Målinga skal etter planen skje i tidsrommet 18. august til 4. september 2015.

Vurdering

Regelverk

Det er ikkje direkte heimel i verneforskrifta til å gje løyve til motorferdsel i samband med geologiske undersøkingar. Men forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i verneområdet, med heimel i naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd;

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I dette tilfellet kan ein gje dispensasjon etter § 48, fordi «sikkerhetshensyn [...] gjør dette nødvendig». Verneområdeforvaltaren vurderer det slik at å overvåke fjellsider som kan rase ut og skade busetnad og infrastruktur i stort omfang, er innafor definisjonen på naudsynte tryggleiksomsyn.

Forvaltningsstyresmakta har derfor heimel gjennom nml § 48 til å gje eit slikt løyve det er søkt om.

Vurdering

Kartlegging og overvaking av ustabile fjellparti og fjellsprekker er eit særst viktig arbeid med tanke på tryggleiken til dei som bur i område som kan vere utsett for ras og/eller flodbølger. Forvaltningsstyresmakta vil derfor vere med å støtte opp om og leggje til rette for slik overvaking.

NGU skriv sjølv i søknaden at dei vil avgrense motorferdsla til det som er høgst naudsynt og vil utføre dette på ein skånsam måte. Dei hadde liknande løyve til landing for å gjennomføre same oppgåva i 2012 og i 2014, og det er ikkje registrert negativ verknader eller kome negative tilbakemeldingar på desse løyva.

Bruk av helikopter er den mest skånsame og mest effektive måten å drive naudsynt motorferdsel på barmark. Vi kan ikkje sjå at den landinga det er søkt om vil ha negative effektar på naturmiljøet.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

I følgje naturmangfaldlova sin § 7, skal alle vedtak som kan påverke naturgrunnlaget vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Forvaltningsstyresmakta er ikkje kjend med at det er sårbare naturverdiar i det området det er aktuelt å lande i, som kan verte negativt påverka av helikopterlanding. Dette er utanfor kjerneområdet til villreinen, og det er heller ikkje noko sårbart tidsrom for villreinen. Databasane Naturbase og Artskart syner ingen registrerte førekomstar eller verdiar som er venta å vere i strid med tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilstrekkeleg, jf. § 8. Føre-var-prinsippet i § 9 er derfor ikkje aktuelt i dette tilfellet.

Dette er eit område med lite eller ingen motorferdsel, og den samla belastninga (jf. nml § 10) er derfor veldig liten. Ein forventar ikkje at tiltaket skal føre til skade på miljøet (jf. nml § 11) og ein vurderer det slik at bruk av helikopter er den mest skånsame og mest praktiske måten å få gjennomført tiltaket på (jf. nml § 12).

ST 24/2015 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 29.06.2015

Vedtak

Rygg og Grov sameige får løyve til å forlenge buføringsvegen i Røyrvika i Traudalen fram til det punktet som vart avtala på synfaring 22.6., ei strekning på om lag 105m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 g) og h), og gjeld på følgjande vilkår:

- Arbeidet skal skje i tråd med det som vart avtala på synfaring, og i samråd med forvaltar og naturoppsyn
- Dei føringar som forvaltar eller naturoppsyn måtte kome med undervegs, skal følgjast
- Forlenginga skal ha same standard som dei to første «etappane»
- Det skal ikkje gravast i myra, her må det finnast ei løysing der buføringsvegen flyt oppå torva
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for varsling og eventuelle løyve frå kommune og grunneigar
- Det skal ryddast opp etter at arbeidet er ferdig, alt «overflødig» material og masse skal fjernast

Saksframlegg til styremøte i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre 29.06.15 under Eventuelt – Forlenging av tiltak i Traudalen

Bakgrunn

I fjor sommar og i år har verneområdestyret fått opparbeida om lag 500 meter buføringsveg i Traudalen. Dette har vore eit omfattande og viktig tiltak for å sikre storfebeiting innover i Traudalen og dermed halde kulturlandskapet og beitetradisjonar i hevd. Vi er no ferdige med den mest kristiske strekninga, den som verneområdestyret har prioritert midlar til.

Grunneigarane ynskjer derimot å få utbetra støylsråsa eit lite stykke til, om lag 60-100 m (avhengig av kva trase ein vel). Dei meiner at dette er fornuftig og viktig for at både beitedyr og turfolk kjem seg over myra og bekken ved Røyrvika og over på «tørt land» i rabben på andre sida. Grunneigarane meiner det vil vere ulogisk og lite tenleg å avslutte rett før ei myr. Dei vil sjølv ordne finansiering og utføring av dette arbeidet.

Verneforskrift

Tunge fysiske inngrep i landskapsvernområdet er i utgangspunktet forbode. Utbetring av sti/buføringsveg med gravemaskin eller anna motorisert maskineri må sjåast på som eit tungt inngrep. Det er likevel opna i verneforskrifta for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opparbeiding av turstiar til visse føremål. Sjølv om det er forvaltningsstyresmakta sjølv som står ansvarleg for tiltaket, so må verneområdestyret handsame saka som ein søknad og fatte vedtak om tiltaket skal kunne gjennomførast eller ikkje.

Verneforskrifta § 3:

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

- g) Bygging av bruer og klopper som er naudsynte i samband med beitebruk og friluftsliv.
- h) Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.

Verneområdestyret har altså heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det som grunneigarane søkjer om.

Vurdering

Dette tiltaket har heilt frå starten av omfatta inngrep og arbeid med maskiner i eit verna område. Det er noko ein skal vere særst restriktiv med og avgrense til det absolutt mest naudsynte. Det er og viktig å sette ei grense for kor tid ein skal avslutte slike prosjekt, slik at ein unngår «bit-for-bit-utbygging» som trengjer langt inn i urørt natur. Det er derfor viktig at ein tenkjer gjennom slike saker grundig og vurderer behov og føremål opp mot dei prinsipielle omsyna som gjeld inngrep.

Den forlenginga det er søkt om vil gjere det lettare for beitebrukarar å drive dyra sine inn i Traudalen og å drive dei heimatt om hausten. Utbetringa vil og gjere tilgongen innover i Traudalen betre for turfolk og dei som har støy på Dalsbøen. Eit moment det er verdt å merke seg her, er at grunneigarane sjølve tek på seg finansiering av arbeidet. Dette er kostbart arbeid, og det syner at det er eit sterkt behov og ynskje om å få gjort dette arbeidet.

Forvaltar og naturoppsyn var på synfaring saman med grunneigarane for å sjå på denne strekninga måndag 22.6. Vi såg på ulike trasear og diskuterte ulike løysingar for korleis dette eventuelt kunne løysast. Vi konkluderte med at det mest skånsame og tenlege ville vere å fortsette med utbetring langs den gamle stølsråsa over ei strekning på om lag 60 m frå der «anlegget» no sluttar. Der kan ein svinge seg over myrdraget og bekken, ei strekning på om lag 45 m til. Myra bør ein ikkje grave i, so her må ein finne ei løysing der stien ligg oppå myra.

Forlenging av buføringsvegen vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller –verdiar i nemneverdig grad. Første del av forlenginga vil skje i same type terreng og med same standard som det som har vore gjort til no, som er vurdert til å vere ein skånsam og akseptabel metode. Derimot er myra meir sårbar, og derfor bør det settast krav om ein annan metode/utføring her. Ein bør unngå å grave i myra og forstyrre dei naturlege prosessane der.

Det partiet som forlenginga ligg i, går vekk frå vatnet og meir inn i skogen. Inngrepet vil derfor verte mindre synleg enn det som til no har vore gjort.

Forvaltar og naturoppsyn bør følgje opp arbeidet tett, dersom det vert gjeve løyve til forlenginga.

Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12

Jamfør nml § 7 so skal alle vedtak som kan få verknad på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i §§ 8-12. I § 8 vert det satt krav til eit skikkeleg kunnskapsgrunnlag bak alle vedtak. I dette tilfellet har forvaltar og naturoppsyn vore på fleire synfaringar og hatt mykje dialog med grunneigar og andre lokalkjende. Kunnskapsgrunnlaget er godt og vart vurdert før oppstarten av prosjektet. Førre-var-prinsippet i § 9 kjem derfor ikkje i bruk.

Ein skal vurdere den samla belastninga av tiltaket, både av sjølve tiltaket og eventuelle framtidige tiltak, jamfør nml § 10. Tiltaket det no er søkt om (forlenging) vil ikkje auke den samla belastninga i området. Tvert i mot vil utbetring av dette partiet føre til at området tåler auka bruk av område som følgje av buføringsvegen betre.

Tiltakshavar vil vere økonomisk ansvarleg for eventuelle skader på terreng og miljø som tiltaket måtte føre med seg, jf. nml § 11.

Ein skal, jamfør § 12, nytte den mest skånsame metoden som er praktisk og økonomisk gjennomførbar. Her har ein funne den beste traseen og lagt føringar for utføringa gjennom synfaring og dialog med grunneigarane.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Rygg og Grov sameige får løyve til å forlenge buføringsvegen i Røyrvika i Traudalen fram til det punktet som vart avtala på synfaring 22.6., ei strekning på om lag 105m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 g) og h), og gjeld på følgjande vilkår:

- Arbeidet skal skje i tråd med det som vart avtala på synfaring, og i samråd med forvaltar og naturoppsyn
- Dei føringar som forvaltar eller naturoppsyn måtte kome med undervegs, skal følgjast
- Forlenginga skal ha same standard som dei to første «etappane»
- Det skal ikkje gravast i myra, her må det finnast ei løysing der buføringsvegen flyt oppå torva
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for varsling og eventuelle løyve frå kommune og grunneigar
- Det skal ryddast opp etter at arbeidet er ferdig, alt «overflødig» material og masse skal fjernast